

## KVEN ER TRUVERDIG I SKULESAKA?

Framfor kommunevala i 1999 og 2003 gjekk alle parti i Hareid til val på uendra skulestruktur. Like fullt har kommunen hatt ein snart 8 år lang skulestrukturdebatt der dei fleste og største partia har brote valløfta sine. Berre den korte tida før valet i 2003 var det fred, og alle lova på nytt at skulestrukturen ikkje skulle endrast.

No nærmar endå eit val seg, og det er sjølvsagt igjen fred og valflesk som rår grunnen. Alle seier at Bigset og Hjørungavåg skular ikkje skal takast. Kor truverdig er det? Dette er dei same politikarane som ved dei to forrige vala lova uendra skulestruktur, og som likevel la ned Brandal skule! Og ikkje nok med det, no forsvarar dei nedlegginga ved at vi må ha ro i kommunen!

Kva slags fred og ro får vi om vi stemmer inn politikarar som så systematisk fører veljarane bak lyset? Kor trygge er Bigset og Hjørungavåg? Kva slags ro er det i Brandal, som har mist det dei har kjempa for å behalde alle desse åra?

I det siste har fleire listetoppar vore ute og forsvart skulenedlegginga. Sist ut var Einar Warholm som hevdar at ein får uro i kommunen dersom ein går tilbake til den gamle skulestrukturen. Sjølv rådmannen har innrømt at ein ikkje sparte noko ved å legge ned storskulen der ute. Det gjorde han her i avisa 1.mars 2005 og sidan på eit folkemøte i Hareidhallen i november 2005 framfor fleire hundre menneske. Det betyr at det heller ikkje vil påføre kommunen nokon kostnad å gjenopne skulen. Kvifor vert det uro ved ei gjenopning når det ikkje gir nokon meirkostnad for kommunen? Har nokon høyrte om uro i samband med gjenopning av ein skule? Dette er då noko alle seier at dei helst vil! Til dømes sa sitjande ordførar Gunn Berit Gjerde i samband med nedlegginga, at ho ville vere den første til å opne skulen att dersom det vart mogleg.

No er moglegheita her. Folkelista går inn for å ha levande bygder med fullverdige 1-7 skular. Då først får vi ein varig fred. Dei sitjande politikarane har mist truverdet sitt i denne saka. Skal vi vere sikre på å få beholde 1-7 skular i Bigset og Hjørungavåg, må vi stemme på Folkelista!

Jan Arild Bjåstad,  
Folkelista for Hareid kommune